



## **Sjølvmeldingsstatistikk 2002**

## **Tax Return Statistics 2002**

## Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir det hovudsakleg publisert primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

## Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway and Svalbard Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, september 2004  
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6635-1 Trykt versjon  
ISBN 82-537-6637-8 Elektronisk versjon  
ISSN 0809-120X

### Emnegruppe

05.01 Inntekt, formue, skatt

Design: Enzo Finger Design  
Trykk: Statistisk sentralbyrå/328

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebelse tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	, (.)

# Forord

Sjølvmeldingsstatistikk 2002 inneheld opplysningar om skattepliktig inntekt, frådrag og formue for alle personar 17 år og over. I tillegg gir statistikken ei oversikt over alle som har eit skattepliktig forhold til Noreg. Datagrunnlaget er henta frå likningskontora sitt system for datastøtta sjølvmeldingsbehandling. Ein slik sjølvmeldingsstatistikk basert på opplysningar for alle personar i landet blei første gongen laga for årgangen 1993, sidan årleg.

Formålet med sjølvmeldingsstatistikken er å kaste lys over skattepliktige inntekter, frådrag, formue og gjeld for befolkninga i landet. Statistikken gir totaltal og gjennomsnittstal for storleiken på inntekt, frådrag, formue og gjeld. Sjølvmeldingsstatistikken viser òg korleis inntekta, frådraga, formuen og gjelda er samansette og kor mange som har dei ulike inntektskjeldene, frådraga eller formuesverdiane.

Alle opplysningane som blir førte i den personlege sjølvmeldinga, er tilgjengelege i sjølvmeldingsstatistikken. Med fleire årgingar av sjølvmeldingsstatistikken kan storleiken og samansetninga av inntekt, frådrag, formue og gjeld studerast over tid. Fordi statistikken er ei totalteljing, kan talmaterialet brytast ned til å gje tal for delgrupper av befolkninga. I statistikkbanken kan ein finne enkelte tal for kvar kommune. Statistisk sentralbyrå sine websider på Internett under emne: Inntekt, formue, skatt (<http://www.ssb.no/emner/05/01/>).

Data vert innhenta med heimel i Statistikklova § 3.2.

Publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulentent Grethe Sparby. Ansvarleg seksjonsleiar er Per Ove Smogeli, Seksjon for inntekts- og lønsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå  
Oslo/Kongsvinger, 11. august 2004

Svein Longva

---

Nils Håvard Lund

# Preface

Tax Return Statistics 2002 includes information about taxable income, deductions and property for all persons 17 years and over. It also includes information for all persons with income or property liable for tax assessment. The statistics is based on the personal tax return available on computer files from the local tax offices. 1993 was the first year with tax return statistics based on information from all persons in the country.

The purpose of the tax return statistics is to describe the taxable income and property situation among the population in the country. The statistics presents total and average amount for income, deductions, property and debt. The tax return statistics also presents the composition of income, deductions, property and debt and the number of persons that have positive enteries on the income, deduction and property sources.

All information from the personal tax return is available in the tax return statistics. With several years of the tax return statistics available, it is possible to study changes over time.

In Statistics bank you can find some figures per municipality. Main tables from the tax return statistics is available on Statistics Norway's web-pages on the Internet under the subject: income, property, tax (<http://www.ssb.no/english/subjects/05/01/>).

Data were obtained pursuant to Statistics Act Section 3.2.

The publication has been prepared by Ms. Grethe Sparby. Responsible Head of Division is Mr. Per Ove Smogeli, Division for Income and Wage Statistics.

Statistics Norway  
Oslo/Kongsvinger, 11 August 2004

Svein Longva

Nils Håvard Lund

# Innhald

<b>Figurregister .....</b>	<b>7</b>
<b>Tabellregister.....</b>	<b>7</b>
<b>1. Hovudresultat og bruk av tabellane .....</b>	<b>11</b>
1.1. Hovudresultat .....	11
1.2. Bruk av tabellane .....	11
<b>2. Bakgrunn og formål .....</b>	<b>11</b>
2.1. Formål og historie.....	11
2.2. Brukarar og bruksområder.....	11
<b>3. Om produksjon av statistikken.....</b>	<b>12</b>
3.1. Omfang.....	12
3.2. Datakjelder .....	12
3.3. Utval .....	12
3.4. Datainnstilling.....	12
3.5. Oppgavebyrde .....	12
3.6. Kontroll og revisjon.....	12
3.7. Analyse.....	12
<b>4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar .....</b>	<b>12</b>
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa .....	12
4.3. Standard gruppering .....	15
<b>5. Feilkjelder og uvisse .....</b>	<b>15</b>
5.1. Innsamlings- og handsamlingsfeil .....	15
5.2. Utvalgsfeil.....	15
5.3. Ikkje-utvalgsfeil.....	15
<b>6. Samanlikningar og samanheng .....</b>	<b>16</b>
6.1. Samanlikningar over tid og stad.....	16
6.2. Samanheng med annan statistikk .....	16
<b>7. Kvar ein finn statistikken.....</b>	<b>16</b>
7.1. Internett-adesse.....	16
7.2. Språk.....	16
7.3. Publikasjonar .....	16
7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet.....	16
<b>Tekst på engelsk .....</b>	<b>16</b>
<b>Tabellar.....</b>	<b>24</b>
<b>Tidlegare utgjeve på emneområdet.....</b>	<b>84</b>
<b>Dei sist utgjevne publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk.....</b>	<b>85</b>

# Contents

<b>List of figures .....</b>	<b>9</b>
<b>List of tables .....</b>	<b>9</b>
<b>1. Use of tables and some main results .....</b>	<b>17</b>
1.1. Main results .....	17
1.2. Statistical terms used in tables and figures .....	17
<b>2. Background and purpose of the statistics.....</b>	<b>17</b>
<b>3. Survey design .....</b>	<b>17</b>
3.1. Coverage .....	17
3.2. Statistical basis.....	17
3.3. Sampling .....	17
3.4. Collection of data .....	17
3.5. Response burden .....	17
3.6. Control and revision.....	17
3.7. Analysis .....	18
<b>4. Terms and variables.....</b>	<b>18</b>
4.1. The tax return and the property account.....	18
4.2. Variables.....	18
4.3. Standard groups .....	18
<b>5. Sources of error and uncertainty .....</b>	<b>19</b>
5.1. Collection and processing errors .....	19
5.2. Sampling errors.....	19
5.3. Non-response .....	19
<b>6. Comparability and coherence.....</b>	<b>19</b>
6.1 Spatial comparability and comparability over time.....	19
6.2. Other related statistics .....	19
<b>7. Availability .....</b>	<b>19</b>
7.1 Internet address.....	19
7.2. Language.....	19
7.3. Publications .....	19
7.4. Storing and use of basic material .....	19
<b>Tables .....</b>	<b>24</b>
<b>Previously issued on the subject.....</b>	<b>84</b>
<b>Recent publications in the series Official Statistics of Norway.....</b>	<b>85</b>

# Figurregister

1.	Gjennomsnittleg bruttoinntekt, etter alder. 1998, 2000 og 2002.....	20
2.	Gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn og kvinner, etter alder. 2002. Kr.....	20
3.	Gjennomsnittleg nettoformue, etter alder. 1998, 2000 og 2002 Kr.....	21
4.	Gjennomsnittleg gjeld, etter alder. 1998, 2000 og 2002. Kr.....	21
5.	Samansetning av bruttoinntekt. 2002. Prosent.....	22
6.	Samansetning av frådrag. 2002. Prosent.....	22
7.	Samansetning av formue og gjeld. 2002. Kr.....	23

# Tabellregister

## Oversiktstal

1.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Alle personar med eit likningsforhold. 1997-2002. Mill.kr.....	25
2.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Alle busette personar. 1997-2002. Mill.kr.....	26
3.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Talet på alle personar med eit likningsforhold. 1997-2002.....	27
4.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Talet på alle busette personar. 1997-2002.....	28
5.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Gjennomsnitt for alle personar med eit likningsforhold. 1997-2002. Kr.....	29
6.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga. Gjennomsnitt for alle busette personar. 1997-2002. Kr.....	30
7.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette personar 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	31
8.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette personar 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	32
9.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette personar 17 år og over. Talet på personar med beløp på postane. 1997-2002.....	33
10.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette menn 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	34
11.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette kvinner 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	35
12.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette menn 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	36
13.	Sjølvmeldingsrekneskap for busette kvinner 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	37
14.	Formuesrekneskap for busette personar 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	38
15.	Formuesrekneskap for busette personar 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	39
16.	Formuesrekneskap for busette personar 17 år og over. Talet på personar med beløp på postane. 1997-2002.....	40
17.	Formuesrekneskap for busette menn 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	41
18.	Formuesrekneskap for busette kvinner 17 år og over. 1997-2002. Mill.kr.....	42
19.	Formuesrekneskap for busette menn 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	43
20.	Formuesrekneskap for busette kvinner 17 år og over. Gjennomsnitt i kroner. 1997-2002.....	44

## Sjølvmeldingsrekneskap

### Busette personar 17 år og over. 2000

21.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	45
21.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	46
22.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter alder. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	48
	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by age. Average in NOK. 2002.....	48
23.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter ny sosioøkonomisk status. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	49
24.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter pensjonsstatus. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	50
25.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter sivilstand. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	51
26.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter bruttoinntekt. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	52
27.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter nettoformue. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	53
28.	Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter gjeld. Gjennomsnitt i kroner. 2002.....	54

29. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter kvartilfordelt bruttoinntekt. ....	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	55
30. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette personar 17 år og over, etter kvartilfordelt nettoformue.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	56

---

### Busette kvinner 17 år og over. 2000

31. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	57
31. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	58
32. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter alder. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	60
33. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter ny sosioøkonomisk status.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	61
34. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter pensjonsstatus. Gjennomsnitt i kroner. ....	
2002 .....	62
35. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter sivilstand. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	63
36. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter bruttoinntekt. Gjennomsnitt i kroner. ....	
2002 .....	64
37. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter nettoformue. Gjennomsnitt i kroner.	
2002 .....	65
38. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter gjeld. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	66
39. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter kvartilfordelt bruttoinntekt.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	67
40. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette kvinner 17 år og over, etter kvartilfordelt nettoformue.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	68

---

### Busette menn 17 år og over. 2000

41. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	69
41. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter fylker. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	70
42. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter alder. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	72
43. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter ny sosioøkonomisk status.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	73
44. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter pensjonsstatus. Gjennomsnitt i kroner. ....	
2002 .....	74
45. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter sivilstand. Gjennomsnitt i kroner. 2002 ..	75
46. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter bruttoinntekt. Gjennomsnitt i kroner.	
2002 .....	76
47. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter nettoformue. Gjennomsnitt i kroner.	
2002 .....	77
48. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter gjeld. Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	78
49. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter kvartilfordelt bruttoinntekt.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	79
50. Hovudpostar frå sjølvmeldinga for busette menn 17 år og over, etter kvartilfordelt nettoformue.	
Gjennomsnitt i kroner. 2002 .....	80
51. Fast eigedom i utlandet, etter verdensdelar og nokre land. 2001. Talet på personar og likningsverdi i mill. kr ..	81
52. Fast eigedom i utlandet, etter verdensdelar og nokre land. 2002. Talet på personar og likningsverdi i mill. kr ..	82
53. Median bruttoinntekt for busette personar 17 år og over, etter fylker. 1993 - 2002. Faste 2002-kr .....	82
54. Median bruttoinntekt for busette personar 17 år og over, etter fylker. 1993 - 2002. Faste 2002-kr.	
1993=100. Prosent .....	83

---



# List of figures

1.	Average gross income, by age. 1998, 2000 and 2002. NOK.....	20
2.	Average gross income for males and females, by age. 2002. NOK.....	20
2.	Average net property, by age. 1998, 2000 and 2002. NOK.....	21
3.	Average debt, by age. 1998, 2000 and 2002. NOK.....	21
4.	Composition of gross income. 2002. Per cent .....	22
5.	Composition of deductions. 2002. Per cent.....	22
6.	Composition of property and debt. 2002. Kroner.....	23

# List of tables

## Main figures

1.	Main entries from the tax return. All individuals with income or property liable for tax assessment. 1997-2002. NOK Million .....	25
2.	Main entries from the tax return. All resident peoples. 1997-2002. NOK Million .....	26
3.	Main entries from the tax return. The number of people with income or property liable for tax assessment. 1997-2002 .....	27
4.	Main entries from the tax return. The number of resident peoples. 1997-2002 .....	28
5.	Main entries from the tax return. All individuals with income or property liable for tax assessment. 1997-2002. Average in NOK .....	29
6.	Main entries from the tax return. All resident peoples. 1997-2002. Average in NOK .....	30
7.	Tax return account for residents 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	31
8.	Tax return account for residents 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	32
9.	Tax return account. The number of residents 17 years and over that have amount on the different income codes. 1997-2002 .....	33
10.	Tax return account for resident males 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	34
11.	Tax return account for resident females 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	35
12.	Tax return account for resident males 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	36
13.	Tax return account for resident females 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	37
14.	Property account for residents 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	38
15.	Property account for residents 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	39
16.	Property account. The number of residents 17 years and over that have amount on the different property codes. 1997-2002 .....	40
17.	Property account for resident males 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	41
18.	Property account for resident females 17 years and over. 1997-2002. NOK Million .....	42
19.	Property account for resident males 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	43
20.	Property account for resident females 17 years and over. Average in NOK. 1997-2002 .....	44

## Tax return account

### Residents 17 years and over. 1998

21.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by county. Average in NOK. 2002 ..	45
22.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by age. Average in NOK. 2002 .....	48
23.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by socio-economic status. Average in kroner. 2002 .....	49
24.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by pension status. Average in NOK. 2002 .....	50
25.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by marital status. Average in NOK. 2002 .....	51
26.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by gross income. Average in NOK. 2002 .....	52
27.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by size of net property. Average in NOK. 2002 .....	53

28.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over, by size of debt. Average in NOK. .... 2002 .....	54
29.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over. Gross income, by quartile. Average in NOK. 2002 .....	55
30.	Main entries from the tax return for resident persons 17 years and over. Net property, by quartile. Average in NOK. 2002 .....	56

---

**Resident females 17 years and over. 1998**

31.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by county. Average in NOK. 2002 .	57
32.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by age. Average in NOK. 2002 .....	60
33.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by socio-economic status. Average in kroner. 2002 .....	61
34.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by pension status. Average in NOK. .. 2002 .....	62
35.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by marital status. Average in NOK. .... 2002 .....	63
36.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by gross income. Average in NOK. .... 2002 .....	64
37.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by size of net property. Average in .... NOK. 2002 .....	65
38.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over, by size of debt. Average in NOK. .... 2002 .....	66
39.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over. Gross income, by quartile. Average in NOK. 2002 .....	67
40.	Main entries from the tax return for resident females 17 years and over. Net property, by quartile. Average in NOK. 2002 .....	68

---

**Resident males 17 years and over. 1998**

41.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by county. Average in NOK. 2002 ....	69
42.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by age. Average in NOK. 2002 .....	72
43.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by socio-economic status. Average in kroner. 2002 .....	73
44.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by pension status. Average in NOK. .... 2002 .....	74
45.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by marital status. Average in NOK. .... 2002 .....	75
46.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by gross income. Average in NOK. 2002 .....	76
47.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by size of net property. Average in ..... NOK. 2002 .....	77
48.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over, by size of debt. Average in NOK. 2002 .....	78
49.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over. Gross income, by quartile. Average in NOK. 2002 .....	79
50.	Main entries from the tax return for resident males 17 years and over. Net property, by quartile. Average in .. NOK. 2002 .....	80
51.	Foreign property, by continent and some contries. 2001. The number of persons and value in NOK million ..	81
52.	Foreign property, by continent and some contries. 2002. The number of persons and value in NOK million ..	82
53.	Median gross income for residents 17 years and older, by county. 1993-2002. In fixed 2002-prices .....	82
54.	Median gross income for residents 17 years and older, by county. 1993-2002. In fixed prices. 1993=100. Per cent .....	83

---

# 1. Hovudresultat og bruk av tabellane

## 1.1. Hovudresultat

Gjennomsnittleg bruttoinntekt i 2002 var på 262 800 kroner for busette personar 17 år og over. Auken var på 8,4 prosent frå 2001. Blant kvinner var gjennomsnittleg bruttoinntekt på 199 500 kroner i 2002, medan menn hadde eit gjennomsnitt på 328 600 kroner. 99,2 prosent av alle busette personar 17 år og over var registrerte med bruttoinntekt i 2002.

Fordelt etter fylker var det Oslo og Akershus som hadde dei høgaste bruttoinntektene, med eit gjennomsnitt på respektive 324 500 og 315 200 kroner. Nord-Trøndelag og Hedmark hadde dei lågaste bruttoinntektene med eit snitt på respektive 221 000 og 227 200 kroner. Blant kvinner og menn var det dei same fylka på topp, medan kvinner i Nord-Trøndelag og Aust-Agder og menn i Finnmark og Nord-Trøndelag ligger lågast.

Kvinner i Oslo og Akershus hadde gjennomsnittleg 250 800 og 232 300 kroner i bruttoinntekt, medan menn hadde 404 000 og 402 200 kroner for dei same fylka.

Kvinner i Nord-Trøndelag og Aust-Agder hadde respektive 174 200 og 174 800 kroner i gjennomsnittleg bruttoinntekt. Menn i Finnmark og Nord-Trøndelag hadde respektive 259 000 og 268 900 kroner i gjennomsnittleg bruttoinntekt.

Svalbard ligg generelt høgt, men pga. spesiell likning samanliknar vi ikkje Svalbard med dei andre fylka.

Løn utgjer den viktigaste inntektskjelda når ein ser alle under eitt, med eit gjennomsnitt på 177 900 kroner i 2002. Posten ytingar frå folketrygda er òg stor, med eit gjennomsnitt på 30 600 kroner. Frå 2001 til 2002 auka inntektsposten motteke aksjeutbytte mest, med 221 prosent.

Når det gjeld frådrag er minstefrådraget viktigast. Totale frådrag auka med 5 200 kroner frå 2001 til 2002, til eit gjennomsnitt på 69 400 kroner i 2002. Renter av gjeld utgjorde 29 prosent av totale frådrag i 2002.

34 prosent av alle personar 17 år og over er utan gjeld. Gjennomsnittleg gjeld for alle personar 17 år og over var i 2002 på 294 000 kroner, ein auke på 23 700 kroner frå 2001. Om lag 20 prosent har 500 000 kroner eller meir i gjeld.

Gjennomsnittleg nettoformue var i 2002 på 104 700 kroner. Fordelt på aldersgrupper finn vi høgaste nettoformue i aldersgruppa 67-79 år, med eit gjennomsnitt

på 472 500 kroner. I aldersgruppa frå 17 til 44 år er gjennomsnittleg nettoformue negativ.

Når vi sorterer personane etter nettoformue og deler dei inn i fire like delar, har den øvste kvartilen (den firedelen av befolkninga med høgast nettoformue) ein gjennomsnittleg nettoformue på 925 200 kroner i 2002. Firedelen med lågast nettoformue har negativ nettoformue med eit gjennomsnitt på minus 586 800 kroner.

## 1.2. Bruk av tabellane

**Statistiske omgrep nytta i tabellar og figurar**  
**Gjennomsnitt** er det aritmetiske gjennomsnittet.

**Medianinntekt** - det inntektsbegrepet som delar ei fordeling i to like store grupper, etter at inntekta er sortert stigande. Det vil vere like mange med inntekt over som under medianinntekta.

**Kvartilar** - deler populasjonen i fire like store delar ut frå storleiken på ein variabel. Vi har tildømes rangert alle busette personar 17 år og over etter storleiken på bruttoinntekta. Første kvartil utgjer då den firedelen av personane som har lågast bruttoinntekt, siste kvartil omfattar den firedelen av personane som har høgast bruttoinntekt.

Kronebeløpa er avrunda til næraste hundre.

# 2. Bakgrunn og formål

## 2.1 Formål og historie

Formålet med sjølvmeldingsstatistikken er å kaste lys over skattepliktige inntekter, frådrag, formue og gjeld for befolkninga i landet. Statistikken gir totaltal og gjennomsnittstal for storleiken på inntekt, frådrag, formue og gjeld. Sjølvmeldingsstatistikken viser òg korleis inntekta, frådraga, formuen og gjelda er sette saman og kor mange som har forskjellige inntektskjelder, frådrag, formuesverdiar eller gjeld.

## 2.2. Brukarar og bruksområder

Sentral brukar er Finansdepartementet, men òg andre departement, forskningsmiljø, bankar, forsikringsselskaper, media og private foretak er flittige brukarar av statistikken. Brukarar som treng andre tabellar, kan vende seg direkte til SSB. Av omsyn til datakvalitet og personvern blir ikkje talmateriale som baserer seg på få observasjonar publisert.

*Døme på oppdrag som blir utført på bestilling:*

Variablar som inngår i tabellane til denne publikasjonen kan kombinerast på andre måtar. Til dømes kan intervalla for alder eller bruttoinntekt spesifiserast. Dette kan vere aktuelt for fylke med høg gjennomsnittsinntekt der dei høgste inntektsintervalla kan

splittast opp. Andre regionale inndelingar enn det som er publisert her kan òg tingast. Dette kan til dømes være likningskommune, bustadskommune eller bydel.

Alle tabellane kan stillast opp som tidsseriar. Første årgang av sjølvmeldingsstatistikken er 1993. Vi kan òg sortere regionar (til dømes kommunar) etter verdien på til dømes variabelen renter av gjeld, og såleis finne dei kommunane der folk har høgaste (eller lågaste) renter av gjeld.

## 3. Om produksjon av statistikken

### 3.1. Omfang

Av dei om lag 4,7 millionar personane sjølvmeldingsstatistikken omfattar, er 4,5 millionar personar busette i Noreg. Dei seks første tabellane inneheld tal for alle personar som har eit likningsforhold til Noreg og alle busette personar, medan det i resten av tabellane er nytta tal for personar 17 år og eldre, busette i landet. Skiljet ved 17 år er sett fordi ein frå fylte 17 år normalt skal føre eiga sjølvmelding. Definisjonen av busetjing følgjer folkeregistervedtaka. Alle busette personar er inkluderte i sjølvmeldingsstatistikken, uavhengig av om dei har levert sjølvmelding eller ikkje. Statistikken omfattar 4 768 559 personar med likningsforhold til Noreg. Talmaterialet kan difor brytast ned til å gi tal for delgrupper av befolkninga. Med fleire årgangar av sjølvmeldingsstatistikken kan storleiken og samansetninga av inntekt, frådrag og formue studerast over tid.

All inntekt og formue i utlandet er skattepliktig til Noreg. Det er nytt frå 2001. Tidlegare år var ikkje fast eigedom skattepliktig til Noreg.

Tabellane 51 og 52 viser oversikt over fast eigedom i utlandet gruppert etter dei viktigaste landa.

### 3.2. Datakjelder

Frå inntektsåret 1993 gjekk alle likningskontora over til bruk av IT i likningsbehandlninga - Datastøtta sjølvmeldingsbehandling (DSB). Dette førte til at opplysningar frå den personlege sjølvmeldinga blei tilgjengelege på elektronisk form. Alle opplysningane som blir førte i den personlege sjølvmeldinga, er tilgjengelege i sjølvmeldingsstatistikken. Statistikken omfattar dei skattepliktige inntektene og inntektsfrådraga førte i sjølvmeldinga. Formuesverdiar og gjeld er òg inkluderte.

Opplysningane om skatt og skattefrådrag er henta frå skattestatistikken, medan personopplysningane om busettkode er henta frå SSB sin befolkningsstatistikk. I sjølvmeldinga er formuesverdiane førte opp med likningsverdi, som varierer etter kva type formuesobjekt ein har. Til dømes er bankinnskot ført opp med det kronebeløpet som er i banken, medan likningsverdien

for børsnoterte aksjar er sett lik kursverdien ved utgangen av året. Likningsverdien for andre verdipapirer blir sett lik 65 prosent av selskapet sin skattemessige formuesverdi per 1. januar 2003 i dei fleste tilfellene.

### 3.3. Utval

Totalteljing

### 3.4. Datainnsamling

Statistisk sentralbyrå (SSB) har frå inntektsåret 1993 innhenta dette datamaterialet frå Skattedirektoratet.

### 3.5. Oppgåvebyrde

All informasjon stammer frå DSB-systemet i Skattedirektoratet. Personane har difor ikkje nokon oppgåvebyrde knyttet til sjølvmeldingsstatistikken.

### 3.6. Kontroll og revisjon

Før tala blir publiserte blir det utført ein del kontrollar på registeret. Det blir mellom anna kontrollert at summen av delpostane stemmer med hovudsumpostane på sjølvmeldinga. Det blir òg gjennomført interne konsistenskontrollar der til dømes inntekt av eigen bustad blir kontrollert mot likningsverdien av bustaden. I tillegg blir ekstremverdiane kontrollerte for å undersøkje om dei logisk stemmer med resten av sjølvmeldinga. Det blir òg utført kontrollar mot verdiar i til dømes SSB sin skattestatistikk for forskottspliktige.

På grunn av at registeret har så stort omfang både i talet på observasjonar og beløpsfelt, er det ikkje praktisk mogeleg å gjennomføre alle konsistenskontrollane på individnivå. Fleire av dei oppgjevne variablane er det òg umogeleg å kontrollere mot andre statistikkjelder. Kontrollane vil difor ikkje klare å avdekkje alle feil i registeret.

### 3.7. Analyse

Analyseeinheiten i sjølvmeldingsstatistikken er person.

## 4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

### 4.1 Definisjon av dei viktigaste omgrepa

#### 4.1.1 Sjølvmeldingsrekneskapen

Sjølvmeldingsrekneskapen er ei oppstilling av inntekts- og frådragskomponentane i sjølvmeldinga som leier fram til utrekning av allmenn inntekt. Statistikken omfattar berre dei skattepliktige inntektene. Det betyr at storleiken på beløpa er fastsett av dei skattereglane som til ei kvar tid gjeld. Inntektsomgrepa er definerte på følgjande måtar:

*Bruttoinntekt* omfattar summen av dei spesifiserte inntektspostane:

Løn består av løn, honorar og andre godtgjersler. Skattepliktige naturalytingar, sjukepengar og dagpengar under arbeidsløyse til lønsmottakar inngår òg. Inntekt som gir rett til sjømannsfrådrag, inntekt av barnepass i eigen heim, overskot på godtgjersler til å dekke tene-  
steutgifter og anna arbeidsinntekt, er òg medrekna i løn. I tillegg er dagpengar under arbeidsløyse utbetalt til sjølvstendig næringsdrivande og løn til barn som er 12 år eller yngre, medrekna.

Frå og med inntektsåret 2002 blei attførings- og rehabiliteringspengar førte som løn, medan dette tidlegare år vart ført som ytingar frå folketrygda. Talet på personar med yting frå folketrygda gjekk ned med om lag 100 000 som følgje av denne endringa.

*Pensjonsinntekter i alt* omfattar både tenestepensjon mv. og ytingar frå folketrygda.

*Tenestepensjon m.v.* omfattar eigne pensjonar, livrenter i arbeidsforhold m.m. frå andre enn folketrygda.

*Ytingar frå folketrygda* omfattar eigne pensjonar frå folketrygda og ektefelle tillegg. Attførings- og rehabiliteringspengar blei frå 2002 førte som løn og ikkje som ytingar frå folketrygda.

*Næringsinntekt i alt* omfattar næringsinntekt av jordbruk, skogbruk, fiske og anna næringsinntekt, medrekna skattepliktige sjukepengar i næring.

*Næringsinntekt av jordbruk, skogbruk og fiske medrekna skattepliktige sjukepengar i næringsverksemd* omfattar overskott frå næringsoppgåve og sjukepengar og utanbys næringsinntekt.

*Anna næringsinntekt medrekna skattepliktige sjukepengar i næring* omfattar overskott frå næringsoppgåve og sjukepengar og utanbys næringsinntekt.

*Kapitalinntekter i alt* omfattar inntekt av prosentlikna bustadeigedom, anna inntekt av fast eigedom, inntekter av fast eigedom i utlandet, renter av bankinnskot m.m. , aksjeutbyte medrekna utanlandsk aksjeutbyte, vinst ved sal av norske og utanlandske aksjar, mottekne bidrag, livrenter og barnepensjon m.m, avkasting på sparedelen av livsforsikring og inntekter frå utlandet. Inntekt ført i posten andre inntekter er òg medrekna.

*Renter av bankinnskot m.m.* omfattar renter av innanlandske bankinnskot m.m. og renter av uteståande fordringar, gjeldsbrev m.m.

*Aksjeutbyte medrekna utanlandsk aksjeutbyte* omfattar aksjeutbyte som gir rett til redusert godtgjersle og aksjeutbyte frå utanlandske selskap.

*Vinst ved sal av norske og utanlandske aksjar* omfattar skattepliktig vinst ved realisasjon (sal m.m.) av norske og utanlandske aksjar, partar i verdipapirfond og obligasjonar.

*Inntekt av prosentlikna bustadeigedom* er i 2002 rekna som 2,5 prosent av likningsverdien fråtrekt eit fribeløp på 80 000 kroner. Av likningsverdi utover 451 000 kroner blir inntekta rekna som 5 prosent av verdien. Inntekt av fritidseigedom blir rekna ut tilsvarande, men her er det ikkje noko fribeløp<sup>1</sup>.

*Anna inntekt av fast eigedom* omfattar partseigaren sin del av inntekter i bustadselskap, bustadsameigaren sin del av inntekter i bustadsameige og skattepliktig vinst ved realisasjon (sal m.m.) av bustad, tomt og annan fast eigedom m.m. I tillegg inngår nettoinntekt ved utleige av fast eigedom utanom næring.

*Inntekter av fast eigedom i utlandet* omfattar prosentinntekt av fritidseigedom eller overskot ved utleige av bygning.

*Mottekne bidrag, livrenter og barnepensjon m.m.* er mottekne bidrag, livrenter utanfor arbeidsforhold, føderåd utanfor jord-/skogbruk m.m. og motteken barnepensjon til barn som er 16 år eller yngre.

*Andre kapitalinntekter* omfattar anna inntekt av fast eigedom, mottekne bidrag, livrenter og barnepensjon m.m, avkasting på sparedelen av livsforsikring og inntekter frå utlandet. Inntekt ført i posten andre inntekter er òg medrekna.

*Andre inntekter* omfattar avkasting på sparedelen av livsforsikring og inntekter frå utlandet. Inntekt ført i posten andre inntekter er òg medrekna.

*Frådrag* inneheld summen av alle frådrag spesifisert i sjølvmeldinga.

*Minstefrådrag* inneheld minstefrådrag av eiga inntekt, spesifiserte faktiske utgifter, minstefrådrag av ektefellen sin pensjon, bidrag m.m. av ektefelle tillegg, barna si lønsinntekt, barnebidrag og barnepensjon.

*Reiseutgifter* er utgifter til reiser mellom heim og arbeidsstad og ved besøk i heimen. Bompengar og fergeutgifter som overstig 3 300 kroner er medrekna.

*Pensjonspremie* omfattar premie og tilskot til privat og offentleg pensjonsordning i arbeidsforhold.

*Fagforeiningskontingent og gåver til frivillige organisasjonar* er den delen av fagforeiningskontingenten som kan trekkjast frå i tillegg til gåver til frivillige organisasjonar.

*Foreldrefrådrag* inneheld foreldrefrådrag i arbeidsinntekta.

*Underskot i næring, medrekna underskot frå tidlegare år* omfattar underskot i primærnæringane, underskot i anna næring og underskot ved utleige. I tillegg er fram-

<sup>1</sup> Jamfør tabell a, side 24

ført underskot frå tidlegare år og utanbys næringsunderskot medrekna.

*Underhaldsbidrag, kårtytingar* er pliktig underhaldsbidrag og ytingar til føderåd utanom jord-/skogbruk o.l.

*Innbetaling til individuell pensjonsavtale* inneheld premie med frådragsrett til individuell pensjonsavtale.

*Renter av gjeld* er dei rentene av gjeld til norske og utanlandske fordringshavarar som kan trekkest frå.

*Partseigars del av utgifter med frådragsrett i bustadselskapet* omfattar i tillegg bustadsameigar sin del av utgifter med frådragsrett i bustadsameige.

*Andre frådrag* i tabellane 7-20 kan vere meirverdi til kost og losji m.m. ved tenestereiser/arbeidsforhold utanfor heimen, fagforeiningskontingent medrekna gåver til frivillige organisasjonar, sjømannsfrådrag, særfrådrag i inntekt av fiske og premie for næringsdrivande til eiga tilleggstrygd for sjukepengar frå folketrygda. Postane andre utgifter-/frådrag, tap med frådragsrett ved realisasjon av norske og utanlandske aksjar, partar i verdipapirfond, tap med frådragsrett ved realisasjon av obligasjonar og tap med frådragsrett ved realisasjon av bustad, tomt og annan fast eigedom m.m. er òg medrekna.

*Andre frådrag* i tabellane 21-50 omfattar reiseutgifter, pensjonspremie, fagforeiningskontingent medrekna gåver til frivillige organisasjonar, foreldrefrådrag, underhaldsbidrag og kårtytingar, innbetaling til individuell pensjonsavtale, partseigars del av utgifter med frådragsrett i bustadselskapet og andre frådrag.

*Allmenn inntekt* er bruttoinntekt minus frådrag.

*Særfrådrag* omfattar alle særfrådraga spesifiserte i sjølvmeldinga. Dette er særfrådrag for alder, uføre, attføring m.m., grunn- og hjelpestønad, lettare nedsett inntektsevne, særfrådrag for forsørging og uvanleg store sjukdomsutgifter m.m.

*Grunnlag for å rekne ut kommune- og fellesskatt* er allmenn inntekt fråtrekt særfrådrag.

*Sum bruttoskatt* omfattar inntekts- og formuesskatt til kommune, fylke og stat og medlemsavgift til folketrygda.

*Sum frådrag i skatt* er frådrag for bustadsparing for ungdom, Finnmarksfrådrag, godtgjerslefrådrag, frådrag for utanlandsskatt, frådrag for etterbetalt pensjon, nedsetjing etter paragraf 17 i skattelova, nedsetjing etter 80-prosentregelen, frådrag for kostnader ved forsknings- og utveklingsprosjekt og frådrag på grunn av omberekna vinst på opsjonar i arbeidsforhold.

*Nettoskatt* er bruttoskatt minus frådrag i skatt.

#### 4.1.2 Formuesrekneskapen

Formuesrekneskapen er ei oppstilling av formuespostar fordelt på realkapital og finanskapital som fråtrekt gjeld leier fram til nettoformue. Formuesverdi tilsvarar likningsverdi.

*Realkapital i alt* omfattar faste eigedomar, anlegg og skog, driftslausøyre og andre eigedelar i næring, dessutan innbu og lausøyre.

*Faste eigedomar, anlegg og skog* omfattar partseigar sin del av likningsverdien til bustadselskapet, likningsverdi av sjølveigarbustad, fritidseigedom og annan fast eigedom. I tillegg inngår fast eigedom i utlandet.

I tabellane blir likningsverdien av bustadselskap og sjølveigarbustad spesifisert.

*Driftslausøyre og andre eigedelar i næring* omfattar yrkesbilar, maskiner, inventar m.m., buskap, varelager og skip, fiske- og fangstfartøy m.m.

*Innbu og lausøyre* omfattar i tillegg til innbu og anna lausøyre privatbilar, motorsyklar, campingvogner og fritidsbåtar.

*Brutto finanskapital i alt* inneheld postane: Bankinnskott, partar i aksjefond, obligasjons- og pengeomarknadsfond, skattepliktig formue i utlandet, verdipapir, både dei som er registrerte i VPS og andre, og i tillegg andre fordringar og annan formue.

*Bankinnskott* består av sum innskott i innanlandske bankar og på postgiro, i spareforeiningar, låne- og spareinnskott i samvirkelag o.l.

*Partar i aksjefond*, både registrerte og ikkje-registrerte i VPS.

*Obligasjons- og pengemarknadsfond*, både registrerte og ikkje-registrerte i VPS.

*Skattepliktig formue i utlandet* inneheld i hovudsak annan skattepliktig formue i utlandet, t.d. bankinnskott og aksjar.

*Verdipapir registrerte i VPS* inneheld aksjar i norske selskap og likestilte selskap, under dette aksjar, grunnfondsbevis, obligasjonar o.l.

*Verdipapir, ikkje registrerte i VPS* inneheld aksjar i norske selskap og likestilte selskap, under dette aksjar, obligasjonar og opsjonar o.l. som ikkje er registrerte i VPS.

*Andre fordringar og annan formue* omfattar kontantar, sjekkar, remissar o.l. utover fribeløpet, uteståande fordringar, pantobligasjonar og andre gjeldsbrev. I tillegg inngår premiefond i eiga pensjonsforsikring, attkjøpsverdi av livsforsikringspolisar, partseigars del av annan formue (ikkje likningsverdi) i bustadselskapet og bustadsameigars del av annan formue i bustadsa-

meige samt formue ført under posten annan skattepliktig formue.

*Bruttoformue* inneheld summen av realkapital i alt og bruttofinanskapital i alt.

*Gjeld* består av gjeld til norske kravshavarar, parts-eigars del av gjelda i bustadselskapet etter oppgåve frå selskapet, bustadsameigars del av fellesgjelda i bustad-sameiget, og gjeld til utanlandske kravshavarar.

*Nettoformue* er bruttoformue fråtrekt gjeld.

#### 4.2 Definisjon av dei viktigaste kjennemerka

*Busett person 17 år og over*

Statistikken gjeld busette personar 17 år og over per 31.12 i inntektsåret.

*Alder*

Alder er sett lik fylte år ved utgangen av året.

*Sivilstand*

Det blir skilt mellom ni ulike gruppar av sivilstand. Sivilstand følgjer vedtaka frå Sentralkontoret for folke-registrering:

- Ugift
- Gift
- Enkje/enkjemann
- Skild
- Separert
- Partner
- Separert partner
- Skild partner
- Attlevande partner

I tabellane er partner, separert partner, skild partner og attlevande partner slått saman med gruppene gift, separert, skild og enkje/enkjemann. Grunnen til dette er for få observasjonar i enkelte sivilstandsgrupper.

*Pensjonsstatus*

Det blir skilt mellom alders-, uføre- og attlevande pensjonistar. Alle andre er gruppert som andre i tabellane. Pensjonsstatus blei kobla på frå Rikstrygdeverket og følgjer deira definisjon av alders-, uføre og attlevande pensjonistar.

#### 4.3. Standard gruppering

*Sosioøkonomisk status*

Sosioøkonomisk status grupperer personar som yrkesaktive, pensjonistar eller som «andre» alt etter kva inntektskjelde som er størst. Blant yrkesaktive blir det skilt mellom tilsette, sjølvstendig næringsdrivande i jordbruk, skogbruk og fiske og sjølvstendig næringsdrivande i andre næringer. Inndelinga følgjer hovudprinsippa i SSB sin standard for inndeling etter sosioøkonomisk status.

Ein person er yrkesaktiv dersom inntekta frå løn og næringsverksemd samla er større enn minsteytinga frå

folketrygda. I 2002 var minsteytinga frå folketrygda på 95 460 kroner.

For å bli klassifisert som tilsett, må løn vere større enn sum næringsinntekt og større enn pensjon.

For å bli klassifisert som sjølvstendig i jordbruk, skogbruk og fiske, må sum næringsinntekt vere større enn løn, og større enn pensjon. Samstundes må næringsinntekt frå jordbruk, skogbruk og fiske vere større enn næringsinntekt frå andre næringer. Tilsvarende gjeld for å bli klassifisert som næringsdrivande i andre næringer.

I gruppa pensjonistar og trygda inngår personar som har pensjon større enn løn eller næringsinntekt.

Dersom personen ikkje mottok pensjon samstundes som sum løn og næringsinntekt er mindre enn minsteytinga frå folketrygda, blir han plassert i gruppa «andre».

Frå inntektsåret 2002 blei attførings- og rehabiliteringspengar førte som løn, medan dette tidlegare år vart ført som ytingar frå folketrygda. I gruppering av sosioøkonomisk status er attførings- og rehabiliteringspengar rekna som folketrygd.

*Fylker*

Inndeling per 01.01.2003

*Kommunar*

Inndeling per 01.01.2003

## 5. Feilkjelder og uvisse

### 5.1. Innsamlings- og handsamlingsfeil

Det er feilkjelder i samband med sjølvmeldingsstatistikken. Ei mogleg feilkjelde er feilrapportering frå oppgavegjevar. Det vil seie at personar kan føre opp feil inntekt, frådrag, formue eller gjeld i sjølvmeldinga. Dette vil i dei fleste tilfella bli oppdaga og retta opp av det lokale likningskontoret. Ei anna feilkjelde oppstår når sjølvmeldinga skal registrerast elektronisk (DSB-systemet). Dette skjer manuelt, men det finst kontrollar som avdekkjer dei fleste inntastingsfeila.

### 5.2. Utvalgsfeil

Sjølvmeldingsstatistikken er ei totalteljing, dvs. at den omfattar samtlege personar med eit likningsforhold til Noreg. Ein unngår med dette uvisse om utvalsvarians, fråfall og skeive resultat som i utvalsteljingar.

### 5.3. Ikkje-utvalsfeil

Publisering av sjølvmeldingsopplysningar frå SSB baserer seg på uttrekk frå DSB-systemet. Uttrekket skjer i midten av oktober - etter at likninga er lagt ut, men før alle klager er behandla. Dei publiserte tala tek difor ikkje omsyn til at enkelte beløp blir endra på grunn av

klager. At DSB-systemet ikkje er fullstendig oppdatert på uttrekkingstidspunktet, kan gi ei form for fråfall i materialet.

## 6. Samanlikningar og samanheng

### 6.1 Samanlikningar over tid og stad

Totaltala i statistikken kan i stor grad samanliknas frå og med 1993 til og med 2002. Det er lite endringar i denne perioden.

Sjølvmeldinga er basis for all inntekts- og formuesstatistikk for personar i SSB. Sjølvmeldingsstatistikken inneheld opplysningar frå alle postane i sjølvmeldinga, og opplysningane blir henta inn for alle personar i landet. Statistikken var første gong tilgjengeleg for inntektsåret 1993.

SSB publiserer årleg inntekts- og formuesstatistikk både for personar og hushald. For dei personlege næringsdrivande blir det i tillegg gjennomført ei utvalsundersøking der tilleggsskjema til sjølvmeldinga blir henta inn.

### 6.2 Samanheng med annan statistikk

SSB publiserer årleg inntekts- og formuesstatistikk både for personar og hushald. For dei personlege næringsdrivande blir det i tillegg gjennomført ei utvalsundersøking der tilleggsskjema til sjølvmeldinga blir henta inn.

<http://www.ssb.no/emner/05/01/ifpn/>

Inntekts- og formuesundersøkinga er ei utvalsundersøking som blir gjennomført årleg. Undersøkinga har opplysningar om hushaldssamansetning i tillegg til inntekts- og formuesopplysningar. Hushaldssamansetninga blir henta inn ved intervju, medan inntekts- og formuesopplysningane blir henta frå sjølvmeldinga, Rikstrygdeverket (RTV), Løn- og trekkoppgåveregisteret, Likningsregisteret, Statens lånekasse for utdanning, Den norske stats husbank og Utdanningsregisteret.

<http://www.ssb.no/emner/05/01/ifhus/>

Inntektsstatistikken for personar og familiar inneheld stort sett dei same opplysningane om inntekt som inntekts- og formuesundersøkinga. Statistikken omfatter alle personar i landet, men inneheld ikkje opplysningar om hushaldssamansetning. Ved å bruke familienummer kan det gjevast opplysningar på familienivå. Denne definisjonen fanger opp gifte par med eller utan barn, men sambuarar fell utafor.

<http://www.ssb.no/emner/05/01/inntpf/>

I tillegg er det opplysningar om inntekt i desse statistikkane:

- Levekårsundersøkingane
- Helseundersøkingane
- Folke- og bustadteljingane
- Forbruksundersøkingane
- Buforholdsundersøkingane

## 7. Kvar ein finn statistikken

### 7.1. Internett-adesse

[www.ssb.no/emner/05/01/selvangivelse/](http://www.ssb.no/emner/05/01/selvangivelse/)

### 7.2. Språk

Både NOS Sjølvmeldingsstatistikk og websidene på Internett er skrevet på nynorsk. Websidene på Internett er òg tilgjengeleg på engelsk.

### 7.3. Publikasjonar

Sjølvmeldingsstatistikk 1993-1994. C396  
Sjølvmeldingsstatistikk 1995. C428  
Sjølvmeldingsstatistikk 1996. C461  
Sjølvmeldingsstatistikk 1997. C549  
Sjølvmeldingsstatistikk 1998. C624  
Sjølvmeldingsstatistikk 1999. C674  
Sjølvmeldingsstatistikk 2000. C724  
Sjølvmeldingsstatistikk 2001. D247

Inntektsstatistikk for personer og familier 2001  
NOS D287

Inntekts- og formuesstatistikk for husholdningar 2001  
NOS D248

### Statistiske analyser

Nr. 62 Inntekt, skatt og overføringer 2003

### 7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet

Endelig statistikkfil blir lagra.

Dersom du ønskjer å tinge tabellar eller treng meir informasjon, ta kontakt med:

### Seksjon for inntekts- og lønsstatistikk (420)

Telefon: 62 88 52 42

Telefaks: 62 88 54 83



# 1. Use of tables and some main results

## 1.1. Main results

Average gross income in 2002 was NOK 262 800 for residents 17 years and older. The nominal increase is 8.4 per cent from 2001.

Among women average gross income was NOK 199 500, while men had an average of NOK 328 600. 99.2 per cent of all residents 17 years and older was registered with non-zero gross income in 2002.

Wages and salaries are the most important income items for all persons with an average amount of NOK 177 900. Social security benefits is also important with an average amount of NOK 30 600.

Minimum deduction is the most important income deduction. Total deductions increased with nearly NOK 5 200 from 2001 to 2002, with an average of NOK 69 400 in 2002. Interests paid make up 29 per cent of total deductions in 2002.

Average net property was NOK 104 700 in 2002. The highest net property is found among people aged 67 to 79 years, with an average of NOK 472 500. People aged 17 to 44 have an average negative net property.

## 1.2. Statistical terms used in tables and figures

**Average** means the arithmetical average.

